



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1575 - 16/15944

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2016

Oversending av søknad om dispensasjon for etablering av flytebrygge til uttale - gbnr 109/1 Saltnes


Saka gjeld søknad om etablering av flytebrygge i betong på 2,4x12 meter på eigedommen. Søknaden er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3.

Planstatus

Eigedommen ligg innanfor kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, og ligg i område avsett til landbruk-, natur og friluftsføremål på land, og sjøarealet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag.


VURDERING

Søknad om etablering av flytebrygge krev søknad om dispensasjon frå LNF føremålet og føremålet i sjø i gjeldande kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Tiltaket krev også dispensasjon frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i plan- og bygningslova § 1-8.



Lindås kommune hadde førehandskonferanse med ansvarleg søker og tiltakshavar den 20.04.2016. Tiltakshavar har planar om å sette i stand gardshuset og driftsbygningane på eiendommen. Vidare er det planlagt å byggje eit kyst- og kulturverkstad, der ein mellom anna vil etablere eit miljø for kajakkpadling.

Det omsøkte tiltaket må sjåast i samanheng med det kyst- og kulturverkstad som framtidig er planlagt oppført på eiendommen.



I dispensasjonssøknaden er det vist til:

I den aktuelle delen av tomten er det ikke drevet landbruk og naturen er litt bratt på begge sider. Friluftsliv vil bli mer tilgjengelig for bading og kajakk, småbåt med tiltaket. Fordeler med tiltaket er at gården og området gjøres mer tilgjengelig fra sjø. Det vil bli lettere å sette ut kajakk og småbåt samt fortøye båt for besøkende til eiendommen. Plasseringen er valgt fordi dette er den enkleste tilkomsten fra eksisterende vei og stisystem. Tiltaket vil ikke komme i konflikt med landbruks-, natur- eller friluftslivformål eller føre til økt trafikk. Allmenn ferdsel i strandsonen vil ikke bli hindret.

~~Tiltaket må også ses i sammenheng med de ulike tiltak som tiltakshaver ønsker omsatt på øst for eiendommen, som plassering til heldevilt, restaurering/oppbygging av gårdsleas og driftsbygning samt~~

etablering av allmennnyttig kystkulturverksted og naust, jmf. avholdt forhåndskonferanse.. Tiltakshaver er en ildsjel som ønsker aktivitet i bygda, Lindåsosen og på eiendommen og er i kontakt med bl.a kajakkklubb og kulturretaten i Lindås kommune om ulike muligheter og tiltak på eiendommen. Dette er forhold som også kan taes med i vurderingen av søknaden.

Lindås kommune er positiv til å gje dispensasjon til det omsøkte tiltaket. Tiltaket vil vera med på å tilretteleggja for ein lettare og meir tilgjengeleg bruk av området til fritidsføremål, mellom anna bruk av kajakk. Vidare vil tiltaket vera eit ledd i tiltakshavar sin vidare utvikling av eigedommen, som vil vera eit positivt bidrag i Lindås, med kyst- og kulturverkstad, lokale og fasilitetar for kajakkklubb, nærleik til badeplass osv. Lindås kommune vil vurdere òg setje vilkår om at flytebrygga skal vera tilgjengeleg for ålmenta.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om rammeløyve, dispensasjon og igangsetjing - gbnr 109/1 Saltnes
Vedk søknad om rammeløyve, dispensasjon og igangsetjing - gbnr 109/1 Saltnes
Saltnesvika_inndeling i prosjekter
Saltnes gard
Referat frå førehandskonferanse signert - gbnr 109/1 Saltnes
Saltnes
Plankart Saltnes

Kopi til:

OPUS-TO AS	Strandgaten 59	5004	BERGEN
Tom Haukedal	Kalifarveien 78A	5022	BERGEN

Mottakarar:

Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Planavdelinga			